

## NORGES BONDELAG



Landbruks- og matdepartementet  
Postboks 8007 Dep  
0030 OSLO

Vår sakshandsamar  
Amund Johnsrud  
+47 97 54 18 42

Vår dato  
25.11.2014  
Dykkar dato  
01.10.2014

Vår referanse  
14/01034-8  
Dykkar referanse  
14/1502-

## Forslag til ny forskrift om midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket. Høyringsvar frå Norges Bondelag

Vi viser til LMD sitt forslag til ny forskrift for investeringsmidlane i landbruket med høyringsfrist 28. november.

Endringar gjennom fleire jordbruksoppgjjer har ført til at teksten i gjeldande forskrift av 28. januar 2009 nr 75 på ein del område ikkje er oppdatert og i røynda overstyrt av seinare avgjerder i jordbruksoppgjjeret. Norges Bondelag er difor samd med Landbruks- og matdepartementet når ein vurderer det som mest naturleg å erstatte gjeldande forskrift med ei ny, framfor å redigere gammal forskrift.

### §§1 og 2 Føremål, Tiltaksområde. Tittel

LMD foreslår å avgrense forskrifta til bare å omhandle dei bedriftsretta midlane som vert forvalta av Innovasjon Norge (i). Dei sentrale BU-midlane (ii) og dei regionale midlane til utgreiings- og tilretteleggingstiltak (iii) vert tatt ut av forskrifta.

Ut frå målet om å forenkle, tydeleggjere og målrette verkemidlane kunne ein argumentere for at alle desse typane verkemidlar burde halde fram å være regulerte innanfor ei og same forskrift. Da kan ein sikre at verkemiddeltypane vert styrde mot det same målet og at bruken av dei vert koordinert mot tilskotsmottakarane.

### Forankring

For Norges Bondelag er det avgjerande at mål og prioriteringar for alle dei tre typane verkemidlar, som for løyvingar over jordbruksavtalen elles, er forankra i Stortingets mål for landbrukspolitikken og vidare i operasjonaliseringa av desse slik det går fram av jordbruksoppgjjeret kvart år. **Vi støttar difor forslaget om å avgrense ny forskrift til å omhandle bruken av dei bedriftsretta verkemidlane, under føresetnad av at omfang, innretting og prioritering av alle dei tre nemnte typane, og moglege nye verkemidlar, held fram som tema i jordbruksforhandlingane.** Det er etter vårt syn nødvendig for å oppnå ein heilskapleg og koordinert bruk av dei landbruksbaserte økonomiske verkemidlane til investering, nærings- og bygdeutvikling.

#### Bondelagets Servicekontor AS

<b>Postadresse:</b> Postboks 9354 Grønland 0135 OSLO	<b>Besøksadresse:</b> Landbrukets Hus, Schweigaardsgate 34 C 0191 OSLO	<b>Tlf:</b> 22 05 45 00	<b>E-post:</b> bondelaget@bondelaget.no
<b>Norges Bondelag</b> Bondelagets Servicekontor AS	<b>Org.nr.:</b> 939678670 <b>Org.nr.:</b> 985063001 MVA	<b>Bankkonto:</b> 8101.05.12891 <b>Bankkonto::</b> 8101.05. 91392	<b>Internett:</b> www.bondelaget.no

Vår dato                      Vår referanse  
25.11.2014                    14/01034-8

---

LMD skriv at utgreiingsmidlane vert styrde gjennom deira oppdragsbrev til Fylkesmannen, og for dei nasjonale midlane kjem føremål, tildelingskriterium m.m. fram gjennom annonseringa av midlane på departementets heimeside. Norges Bondelag reknar med at det vil bli vist til behandlinga i sist aktuelle jordbruksoppgjjer når midlane vert gjort kjente her og i eventuelt andre kanalar.

Tilskot til tapsfond og rentestøttefond til risikolån vert i høyringsbrevet omtalt som ein budsjetteringsregel og difor tatt ut av forskrifta. For heilskapens skuld reknar vi med at også desse tiltaksområda vert å behandle i jordbruksforhandlingane framover.

#### Prosess i fylket

Fylkesmannen formidlar signal om den strategiske bruken av dei bedriftsretta BU-midlane til Innovasjon Norge gjennom sitt oppdragsbrev til regionalt IN, tilpassa tilhøva i fylket. Det er avgjerande at prioriteringane her er forankra i regionalt næringsprogram som blir utarbeidd i den regionale partnerskapen med faglaga og fylkeskommunen, samt at faglaga deltar i årleg dialog med Fylkesmannen før den skriv tildelingsbrevet. Vi meiner dette er ein god og hensiktsmessig måte å styre bruken av dei fylkesvise investeringsmidlane på, og samtidig opne for eit regionalt handlingsrom i strategiutforminga. Norges Bondelag ventar at denne praksisen held fram, både for investeringsmidlane i IN, utviklingsmidlane hos Fylkesmannen og RLK-midlane i fylkeskommunen.

#### Likestilling

I det nye forslaget til føremål er formuleringa om like moglegheiter for begge kjønn tatt ut. Det vert vist til at dette er ein føresetnad for offentleg politikk og verkemiddelbruk uansett. Norges Bondelag tilrår at ein held på den nåverande eksplisitte formuleringa i føremålet, da den vil vere ei synleg og nyttig påminning for alle som skal søkje på eller forvalte verkemidlane:

**”Ordnungen skal også legge til rette for et landbruk der kvinner og menn gis like muligheter.”**

Det er eit mål å auke andelen kvinnelege brukarar og eigarar av gardsbruk, difor bør denne formuleringa inngå som ein del av føremålsteksten. Vi meiner signaleffekten av å fjerne den er større enn å vidareføre dagens tekst på dette feltet.

Regjeringa skal sende forslag til ny, felles likestillings- og ikkje-diskrimineringslov på høyring i 2015. Sidan vi ikkje kjenner til kva for endringar dette vil føre til, er det eit argument for å halde på eigne formuleringar om likestilling i forskrifta om investeringsmidlane.

#### Landbrukets ringverknader

Norges Bondelag ser svært positivt på at det reviderte føremålet til forskrifta inneheld formuleringar om at investeringsmidlane skal medverke til sysselsetjing, busetjing og eit variert landbruk i alle delar av landet.

Landbruk er viktig som grunnlag for sysselsetjing og busetjing landet rundt, både direkte og gjennom ulike ringverknader for anna næringsliv. Etter vårt syn må dette avspegle seg i verkemiddelbruken i landbrukspolitikken, slik departementet legg opp til her.

Vår dato  
25.11.2014

Vår referanse  
14/01034-8

---

### Føretak som mottakar av tilskot

LMD foreslår å definere kven som kan vere mottakar av investeringstilskot, og at dette må vere registrerte føretak i landbruket. Ein meiner denne endringa har lite å seie praktisk, sidan tilsvarande krav alt gjeld for å motta produksjonstilskot i landbruket. Norges Bondelag er samd i denne vurderinga, men vil samtidig understreke at koplinga mellom føretaket og landbrukseigedomen må vere eit sentral vilkår får å kunne motta investeringsstøtte over jordbruksavtala. Dette bør framkome meir tydeleg i forskriftsteksten, gjerne slik (§2):

**(...)kan midler til investering og bedriftsutvikling i landbruket gis til føretak med tilknytning til landbrukseiendom som støtte til. (...)**

### Tittel

Norges Bondelag er samd i forslaget til ny tittel for forskrifta: **"Forskrift om midler til investering og bedriftsutvikling i landbruket"**

### Framtidige endringar

Norges Bondelag reknar med om at moglege endringar i den nye forskrifta for framtida vert å drøfte i jordbruksforhandlingane.

## **§ 3 Tiltaksgrupper og tilskotsnivå**

Til skilnad frå dagens forskrift vert det nå foreslått ei uttømande liste over tiltaksgrupper og tilskotsnivå i prosent. Det er:

- Etablering av ny verksemd
- Bedriftsutvikling
- Investeringar i produksjonsanlegg
- Rentekostnader
- Økologisk fruktdyrking
- Investeringar ved generasjonsskifte

Å ha ei uttømande liste over tiltaksgrupper og tilskotsnivå er etter Norges Bondelags meining riktig nå. Det finst døme på at IN har gitt støtte til fellestiltak med bedriftsøkonomisk siktemål for deltakarane, kompetansehevande kurs mv. Sidan ein i forslaget ikkje har nokon sekkepost som slike tiltak kan falle inn under nå, bør desse i staden kan få støtte innanfor Utviklings- og tilretteleggingsmidlane hos Fylkesmannen

Vi tolkar punktet om investeringar i produksjonsanlegg til også å omfatte investeringar i gjødsellager for husdyr. Viss dette ikkje er tilfelle bør følgjande inn som eige tiltaksgruppe i lista:

- **Gjødsellager til 12 månaders lagring**

Skal andre tiltak inn, vil det for framtida krevje ei endring i sjølve forskriftsteksten. Vi tolkar dette slik at da må moglege endringar/tillegg i tiltakslista bli å behandle i jordbruksoppgjeret, som grunnlag for å revidere sjølve forskriftsteksten etterpå.

### Jordbrukets krav vs teknisk jordbruksavtale 2014/15

Vi tar til etterretning at nivået og innrettinga på dei ulike tilskota er forankra i den tekniske jordbruksavtala som Stortinget vedtok tidlegare i år. Jordbrukets krav i forhandlingane var for nokre av tilskota annleis. Vi kan nemne:

- Investeringar i produksjonsanlegg,

Halde på ei toppavgrensing for tilskot men auke frå dagens 1,0 mill. kr. (2014) til 1,4 mill. kr., kombinert med ein trappestegsmodell for avtakande prosentvis tilskotsats.

- Rentekostnader

For låntakarar under 35 år setje rentestøtta lik statsobligasjonsindeks 3 år (dvs 100 og ikkje 50 prosent av indeksen) *dei 5 første åra* for alle nye lån.

Norges Bondelag meiner våre forslag ville gitt ein profil på dei to tilskotsgruppene meir målretta mot investeringsbehovet i landbruket enn det som blei resultatet i den nye jordbruksavtala.

Vi tolkar forslaget til ny forskrift slik at bruk av ei mogleg maksimumsgrense for tilskot nå er ei sak det blir opp til den regionale partnerskapen å drøfte og eventuelt ta inn i dei fylkesvise strategiane.

### Påbyrja tiltak

Det er forslag om å skjerpe inn regelen som regulerer tilskot til påbyrja tiltak, slika at nå skal det, utan unnatak, ikkje bli gitt tilskot før søknaden er avgjort. Vi meiner det framleis må vere rom for litt skjønnsutøving her, basert på praktiske tilhøve. Til dømes kan vår, føre og logistikk/tempoplan tilseie at ein bør starte opp grunnarbeid før vinteren, sjølv om bygginga vert planlagd sett i gong først til våren. Planlegging/tilrettelegging på tomta er noko som ein del tiltakshavarar arbeider med over fleire år. Slike og liknande tilhøve bør ikkje vere til hinder for at ein skal få behandla søknad om investeringsstøtte.

Ei anna utfordring er at tida for saksgangen til søknaden er avhengig av kommunens kapasitet på området.

Vi meiner difor den nye forskrifta bør halde på dagens formulering:

**”Dersom arbeidene er påbegynt før søknad er avgjort, kan tilskudd og rentestøtte nektes innvilget.”**

Eventuelt med ei presisering av at hovudregelen er å vente med oppstart til vedtak er gjort.

## **§ 4 Søknad og utbetaling**

### Kommunen som førsteline

I forslaget skal søknad framleis sendast via kommunen, med tilråding frå den til IN. Norges Bondelag er samd i at rutine for innsending av søknad bør halde fram etter denne malen. Det bør vere positivt at søkjer får tilbakemelding og mogleg korrigerings tidleg i søkeprosessen.

Vår dato	Vår referanse
25.11.2014	14/01034-8

---

Samtidig gir denne rolla kommunen ein ekstra grunn til å vedlikehalde og utvikle landbruksfagleg kompetanse i sin administrasjon. Noko som er viktig for kommunen generelt og sjølvsagt positivt for den lokale landbruksnæringa.

#### Krav til dokumentasjon/vedlegg

I dag er regelen at søknad må innehalde prosjektplan/forretningsplan. LMD foreslår nå at IN sjølv skal ha høve til å fastsetje krav om plan/dokumentasjon som må leggjast ved søknaden.

Vi har merkt oss at det kjem noko kritikk mot IN i dag fordi krava til dokumentasjon og vedlegg til søknaden frå bonden er vorte for detaljerte og omfattande. Sentralt hos IN vert kritikken møtt med at denne utviklinga i nokon grad er styrt av regionane sjølve.

Den nye regelen som vert foreslått, om at IN sjølv skal ha høve til å fastsetje krav, kan gjere det enklare å ta opp moglege urimelege utslag direkte med INs leiing og sikre mest mogleg lik og best praksis over heile landet. Norges Bondelag støttar difor dette forslaget. Målet bør vere at mengda dokumentasjon helst går noko ned.

#### **§ 5 Administrasjon, dispensasjon og klage**

Forslaget vidarefører reglane for klage til INs klagenemnd. Norges Bondelag støttar at ein har eit slikt særskilt klageinstitutt med eige regelsett, samt klargjeringa av at klage på vedtak gjort av INs hovudstyre skal ha LMD som klageinstans.

#### **§ 7 Krav om tilbakebetaling**

I dag inneheld IN sine standardvilkår ein regel om at dei kan redusere støtta relativt, i tilfelle der prosjektet har kravd mindre kapital enn ein meinte da løyvinga vart vedtatt. Dette er nå foreslått tatt inn i forskrifta som hovudregel. Vi oppfattar at dette ikkje inneberer noko endring av praksis frå tidlegare.

Beste helsing

*Elektronisk godkjent, utan underskrift*

Per Skorge

Arild Bustnes